



## Filippinane: Valdsutsette kvinner

- Kva for moglegheiter har filippinske kvinner for å bryte ut av eit valdeleg ekteskap?
- Finst det tilbod om beskyttelse frå styresmaktene?
- Kva for tilgang har kvinner til krisesenter og anna støtte?

### Bakgrunn

Filippinane har i underkant av 110 millionar innbyggjarar fordelt over eit tatal store og eit tusental mindre øyer. Økonomien har vaksse raskt, særleg dei siste ti-tolv åra, men landet er framleis klassifisert som eit «lower middle-income country», og i underkant av 20 prosent av befolkninga er stadig fattige (World Bank 2020). Tilhøve som korruption og naturkatastrofar som til dømes tyfonar verkar negativt inn på BNP og dei einskilde innbyggjarane sin økonomi.

Kring 80 prosent av filippinarane er katolikkar. Lovgjevinga er konservativ på enkelte område – til dømes er skilsisse og abort under alle tilhøve ulovleg (Aspinwall 2019; Abalos 2017).

### Førekomst av partnervald mot kvinner

Tilgjengeleg statistikk tydar på at partnervald mot kvinner er relativt utbreidd i Filippinane. Den filippinske National Demographic and Health Survey (PSA 2018) fann i 2017 at éi av fire gifte kvinner hadde opplevd emosjonell, fysisk og/eller seksuell partnervald éin eller fleire gonger.

Rapportar tydar på at situasjonen har vorte markant forverra med Covid-19 og at talet på valdstilfelle har auka. Filippinane innførte svært strenge nedstengings-tilbakemål i den første månaden av pandemien og oppfordra befolkninga om å halde seg så mykje som mogleg heime. Mange vart dermed innestengde med ein valdeleg partner store delar av døgnet. Eit auka stressnivå i samband med sosial isolering og påfølgjande økonomisk utryggleik, kan òg ha medverka til at valdstilfella auka (Calleja 2020; IWPR 2020).

Samstundes som talet på valdstilfelle auka, gjekk talet på anmeldelser ved politistasjonane (såkalla *walk-ins*) ned på grunn av restriksjonar på transport og rørsle. Derimot gjekk talet på henvendelser over telefon og sosiale medium opp i nedstengingsperioden (Servallos 2020).

Det er truleg store mørketal og mange valdstilfelle som ikkje vert rapporterte til styresmaktene (PCW u.å.).

## Moglegheiter for å bryte ut av eit valdeleg ekteskap

### Juridiske tilhøve

Skilsmisse er ulovleg og umogleg i Filippinane, med mindre ein er muslim (eigne sharialover gjeld) eller gift med ein utanlandsk statsborgar. Likevel er det i spesielle høve mogleg å få eit ekteskap annullert, men ein annulleringsprosess er både tidkrevjande og svært kostbar, så dette er ikkje eit alternativ for alle (Abalos 2017; b; Go 2019). Sjølv om skilsmisse er ulovleg, er det mogleg å ta ut separasjon. Ein separasjon opphevar plikter og rettar ektefellane imellom, men oppløyer ikkje sjølve ekteskapet. For meir om dette, sjå Landinfo (2016).

Filippinane sin Anti-Violence Against Women and Their Children Act av 2004 definerer vald mot kvinner og barn slik:

*[...] any act or a series of acts committed by any person against a woman who is his wife, former wife, or against a woman with whom the person has or had a sexual or dating relationship, or with whom he has a common child, or against her child whether legitimate or illegitimate, with or without the family abode, which result in or is likely to result in physical, sexual, psychological harm or suffering, or economic abuse including threats of such acts, battery, assault, coercion, harassment or arbitrary deprivation of liberty (Section 3 (a)).*

Loven definerer ulike termar for vald og truslar, og i den femte seksjonen vert ulike handlingar som utgjer vald mot kvinner og barn, lista opp. I seksjon 6 finn ein strafferammene for dei ulike valdshandlingane, som spenner opptil tolv år i fengsel. Den skuldige skal i tillegg betale ei bot og «undergo mandatory psychological counseling or psychiatric treatment».

### Økonomiske tilhøve

Filippinske kvinner si deltaking i arbeidslivet er aukande. Kring 50 prosent av alle kvinner i arbeidsfør alder deltek, mot kring 80 prosent av alle menn. Kvinner deltek gjerne i yngre år, men fell ut av arbeidslivet når dei får barn, oftast i slutten av tjueåra (PSA 2017a s. 2–43; Abalos 2017a; NEDA 2019; WEF 2019).

Kvinner får gjerne dårlegare betalt enn menn, og manglande barnehagertilbod kombinert med konservative kjønnsroller gjer at kvinner ofte er heime med barna eller arbeider redusert (Abad 2020; NEDA 2019). Samstundes er mange kvinner nøydd til å arbeide – mange har store familiær med mange munnar å mette. Dette kan gjere det vanskeleg å gå frå ein valdeleg ektefelle om ein ikkje har familie å flytte heim til eller som kan hjelpe ein.

### **Sosiale tilhøve**

Ekteskapet er høgt verdsett i Filippinane, og andre former for samliv og familie enn den ekteskapelege kjernefamilien er korkje vanleg eller vel ansett. Det å vere ugift, skild/separert eller ha barn utanfor ekteskap er forbunde med skam (Abalos 2017a).

Likevel aukar talet på annulleringar og separasjonar, frå 4500 annulleringar i 2001 til 11 135 i 2014 (Abalos 2017b). Sett opp mot folketalet, er dette svært låge førekommstar. I 2015 var 1,5 % av befolkninga over ti år skilde eller separerte (PSA 2017b).

Sidan skilsmisse ikkje er lovleg, annulling er kostbart og separasjon ikkje gjer stor juridisk skilnad, vel nokre filippinarar å berre gå frå kvarandre og leve åtskilt utan at nokre juridiske steg er tekne (Abalos 2017b). Kor mange dette gjeld, er det, så vidt Landinfo har kunna ta reie på, ikkje gode tal på.

Det er ei vanleg oppfatning at vald i heimen er ei privatsak og eit personleg problem som partane sjølv kan ordne opp i (IWPR 2020). Mange ser vald i heimen som skamfullt og vel å halde det for seg sjølv. Generelt konservative kjønnsroller held kvinner ansvarlege for harmoni i heimen og bidreg til «victim blaming», altså at offeret vert halde til ansvar for valden ho vert utsett for. Philippine Commission on Women skriv at: « [...] many cases of violence against women often go unreported due to women victims' «culture of silence»» (PCW u.å.).

Sjølv om samlivsbrot er forbunde med stigma, tydar lite på at det er til hinder for deltaking i arbeidslivet eller i samfunnet elles.

### **Kven skal barna bu hos?**

Eit viktig aspekt for om det er *reelt* mogleg for ei kvinne å bryte ut av eit valdeleg samliv, er kven barna (i hovudsak) skal bu hos.

#### *Juridiske aspekt*

Den filippinske familielova gjev mor forrang framfor far i enkelte høve. Kva gjeld foreldreansvaret for felles barn, slår artikkel 176 i familielova fast at det ligg hos mor når foreldra ikkje er gifte. Foreldreansvaret er delt når foreldra er gifte, men går til «den uskuldige parten» ved separasjon (art. 63(3)). Dette er likevel «subject to the provisions of article 213», som slår fast at ein domstol avgjer

foreldreansvaret ved separasjon<sup>1</sup>, og at særskild vekt skal leggjast på ønsket til barn som har fylt sju år. Artikkelen presiserer at

*No child under seven years of age shall be separated from the mother unless the court finds compelling reasons to order otherwise.*

Barn under sju år vert eksplisitt antatt å velge å bu hos mor (artikkel 102(6) og 129(9)).

I andre høve er det far som har forrang. Artikkel 211 slår fast at

*The father and the mother shall jointly exercise parental authority over the persons of their common children. In case of disagreement, **the father's decision shall prevail**, unless there is a judicial order to the contrary* (Landinfo si uthaving).

Dette gjeld gifte foreldre, sidan mor har foreldreansvaret (for såkalla illegitime barn) når foreldra er ugifte. Far si avgjersle har forrang også når foreldra er separerte. Sidan separasjon ikkje faktisk oppløyser eit ekteskap, har separerte foreldre delt foreldreansvar om ikkje retten bestemmer noko anna (Acosta 2014).

Kva gjeld bustad, slår artikkel 102(6) fast at når eit ektepar vert separerte, skal «the conjugal dwelling and the lot on which it is situated [...] be adjudicated to the spouse with whom the majority of the common children choose to remain».

Landinfo gjer merksam på at dette er nokre, men slett ikkje alle, lovføresegner som kan vere relevante i ei barnefordelingssak. I tillegg ligg det føre ein stor corpus av rettspraksis som kan vere relevant når individuelle saker skal avgjerast.

### *I praksis*

Mykje tyder på at dei fleste barn bur (mest) hos mor etter samlivsbrot. Tala er imidlertid fleire og svært sprikande, og det er uklart korleis variablane i dei ulike undersøkingane har vore definerte/operasjonaliserte. Til dømes rekna det filippinske folkeregisteret at det var kring tre millionar «household heads without a spouse» i 2015, og at av desse var to millionar leia av ei kvinne (Cabato 2018). Helsedepartementet og University of the Philippines fann på si side at det er kring 15 millionar aleineforeldre i Filippinane, og at heile 95 prosent av dei er kvinner (Broño 2018). Uavhengig av kva for eitt av desse tala ein legg til grunn, tyder storleiksforholdet i begge høve på at barn som ikkje bur saman med begge foreldra, oftast bur med mor (sjå òg Freedom of Information Philippines 2019).

Mange aleinemødrer bur saman med storfamilien sin, til dømes foreldre eller (gifte) søsken. CNN (Cabato 2018) skriv om ei aleinemor at

---

<sup>1</sup> Slik Landinfo forstår det, gjeld dette berre hvis foreldra ikkje vert einige seg imellom.

*Franshey Abonita left her husband four years ago, and brought her three kids with her. The relationship had become abusive, and she found herself relieved to be out of it; it was even easier raising three kids alone than before. [...] Abonita and the children moved in with her sister.*

Dette er truleg ei ganske vanleg løysing for kvinner som forlét ektefellen sin.

## Politi

Det er i utgangspunktet ikkje vanskeleg å melde vald i nære relasjonar til politiet. Det filippinske politiet har eit nasjonalt Women and Children Protection Centre, og politiet er lovpålagt (RA 8551, seksjon 57) å ha *women's desks* ved alle dei kring 1800 politistasjonane i landet (U.S. Department of State 2020). I samsvar med lova sin seksjon 58 skal det arbeide kvinner ved så mange som mogleg av desse deskane, og ifølgje U.S. Department of State (2020) er no dei fleste av dei 5500 tilsette ved deskane kvinner. Polititenestepersonar får òg *gender sensitivity training* for betre å kunne ta seg av offer for seksualisert vald og vald i nære relasjonar.

Mange tilfelle av vald i nære relasjonar vert ikkje rapporterte eller melde til politiet. Det kan skuldast at ofra er redde for at overgriparen skal overhøyre dei eller hemne seg (Ranada 2020). Andre offer kan frykte stigmatisering; U.S. Department of State (2020) skriv at mange kvinner unnlét å melde valdtek og vald i nære relasjonar på grunn av stigmatisering. Philippine Commission on Women (PCW u.å.) skriv at etter andre blir verande i valdelege relasjonar fordi dei ikkje har «faith in the country's justice system caused by frustrations over the lack of results in filing complaints». PCW skriv ikkje noko meir om kva kvinnene si manglande tillit skuldast. Landinfo meiner at éin grunn til at overgrep ikkje vert melde, kan vere frykt for stigmatisering, men òg at ei anmeldelse bryt med den utbreidde oppfatninga i Filippinane om at vald i heimen er ein «familiesak».

Sjølv om i alle fall delar av politiet har fått opplæring om vald i nære relasjonar og såkalla *gender sensitivity*, så kan slike oppfatningar òg finnast hos personar som skal handheve lovar og hjelpa dei som er utsette for vald i nære relasjonar. I mange små og avsidesliggjande barangays<sup>2</sup> der det kanskje er langt til nærmeste politistasjon, kan valdsutsette kvinner be landsbyrådet (*village council*) om beskyttelse mot pågåande eller trugsmål om vald.

Ein førespurnad til eit landsbyråd resulterer ofte i at rådet appellerer til begge partar om å slutte fred med kvarandre. Teikn på frykt og traume hos kvinna eller barna vert ofte oversett (IWRP 2020). Det hender òg at overgriparar nyttar personlege relasjonar med lokale styresmakter for å unngå straffeforfølging (U.S. Department of State 2020). Det har vore rapportert om polititenestemenn som skal

---

<sup>2</sup> Barangay er lågaste administrative nivå i Filippinane, og utgjer ofte ein landsby eller ein bydel.

ha utsett kvinner for vald eller valdtekst. Mellom anna skriv U.S. Department of State (2020) at Center for Women's Resources hevda at 56 politikonstablar var involverte i 33 valdtekstsaker mellom juli 2016 og oktober 2018.

Politiet prøver nok oftast å hjelpe, men i eit fattig land med over 100 millionar innbyggjarar og relativt høge førekommstar av vald i nære relasjonar, er assistansen normalt avgrensa i både tid og omfang, og mest av akutt karakter.

## Krisesenter og andre hjelpeordningar

Det overordna ansvaret for tiltak for kvinner og barn som har vore utsett for vald i nære relasjonar, ligg hos helsedepartementet (DoH) og velferds- og utviklings-departementet (Department of Social Welfare and Development (DSWD)).

Helsedepartementet driv 94 Woman and Child Protection Units på sjukehus landet rundt. Desse einingane skal tilby medisinsk hjelp til kvinner og barn som har vore utsett for vald, valdtekst, incest og liknande overgrep. Einingane hadde kring 8000 saker i 2016 (DoH 2018).

DSWD dreiv i 2014 26 senter for valdsutsette kvinner og barn (DSWD, møte Manila 2014). Dei driv òg ulike «community-based services», mellom anna for kvinner i «særleg vanskelege situasjonar». Nokre stadar tilbyr dei ulike former for psykologisk eller psykososial hjelp, og i tillegg støttar departementet lokale styresmakter sine tilbod til valdsoffer (DSWD 2010; 2020, U.S. Department of State 2020; Luci-Atienza 2020). Landinfo kjenner ikkje omfanget av desse tilboda.

Det er imidlertid bestemt ved lov at det skal vere ein Violence Against Women (VAW) Desk i kvar barangay (Magna Carta of Women Implementing Rules and Regulations 2008), og deskane skal tilby støtte til kvinner som opplever fysisk, seksuell, psykisk, økonomisk eller andre formar for vald og mishandling. Deskane skal mellom anna følge opp innrapporterte saker som gjeld vald mot kvinner og hjelpe valdsoffer i å få ein såkalla Barangay Protection Order. Deskane er vanlegvis lokaliserte i *the barangay hall*, altså rådhuset/kommunen. I juni 2019 hadde 37 686 av totalt 42 045 barangays etablert ein slik VAW-desk (PCW 2019).

I tillegg finst det hjelpelefonar (*hotlines*), og nokre NGO-ar driv ulike hjelpe-tiltak (PCW 2020; Servallos 2020).

## Om Landinfos responser

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos responsar er baserte på opplysninger frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med [anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon](#) og [Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse](#).

Responsar frå Landinfo er svar på konkrete spørsmål som Landinfo har fått frå saksbehandlarar i utlendingsforvaltninga. Slike responsar er ikkje meint å vere utfyllande utgreiingar av eit tema. Responsar er utarbeidde med knappe fristar, og kjeldetilfanget er ikkje alltid like breitt som i temanotata våre.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos responsar er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som responsane handlar om.

## Referanser

### Skriftlege kjelder

- Abad, M. (2020, 3. mars). PH ranks first in Asia for gender diversity in the workforce – report. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/nation/philippines-ranking-gender-diversity-workforce-asia-2019> [lasta ned 14. desember 2020]
- Abalos, J. B. (2017a, 9. mai). Divorce and separation in the Philippines: Trends and correlates. *Demographic Research Vol 36* s. 1515-1548. Tilgjengeleg frå <https://www.demographic-research.org/volumes/vol36/50/36-50.pdf> [lasta ned 17. desember 2020]
- Abalos, J. B. (2017b, 10. juli). The rise of divorce, separation, and cohabitation in the Philippines. *N-IUSSP*. Tilgjengeleg frå <https://www.niussp.org/article/the-rise-of-divorce-separation-and-cohabitation-in-the-philippines/> [lasta ned 17. desember 2020]
- Acosta, P. (2014, 11. november). Child custody shared right of husband, wife. *The Manila Times*. Tilgjengeleg frå <https://www.manilatimes.net/2014/11/11/legal-advice/dearpao/child-custody-shared-right-of-husband-wife/140894/> [lasta ned 20. november 2020]
- [Anti-Violence Against Women and Their Children Act] (2004, 8. mars). *An Act Defining Violence Against Women And Their Children, Providing For Protective Measures For Victims, Prescribing Penalties Therefore, And For Other Purposes*. Tilgjengeleg frå <https://www.officialgazette.gov.ph/2004/03/08/republic-act-no-9262-s-2004/> [lasta ned 17. desember 2020]
- Aspinwall, N. (2019, 29. mai). Manila's Abortion Ban Is Killing Women. *Foreign Policy*. Tilgjengeleg frå <https://foreignpolicy.com/2019/05/29/manilas-abortion-ban-is-killing-women/> [lasta ned 17. desember 2020]
- Broño, L. F. (2018, 13. juli). DSWD to hold first National Solo Parents' Summit. *Philippine Information Agency*. Tilgjengeleg frå <https://pia.gov.ph/news/articles/1010327> [lasta ned 17. desember 2020]
- Cabato, R. (2018, 28. mars). The cost of being a single mother in the Philippines. *CNN*. [The cost of being a single mother in the Philippines \(cnnphilippines.com\)](https://cnnphilippines.com) [lasta ned 14. desember 2020]

- Calleja, J. P. (2020, 9. oktober). Domestic violence all the rage in Philippine lockdown. *UCA News*. Tilgjengeleg frå <https://www.ucanews.com/news/domestic-violence-all-the-rage-in-philippine-lockdown/89821#> [lasta ned 17. desember 2020]
- DSWD, dvs. Department of Social Welfare and Development (2010). *SUBJECT: Amended Standards for Community-based Services*. Manila: DSWD. Tilgjengeleg frå [https://www.dswd.gov.ph/issuances/AOs/AO\\_2010-001.pdf](https://www.dswd.gov.ph/issuances/AOs/AO_2010-001.pdf) [lasta ned 17. desember 2020]
- DSWD (2020, 2. juli). *DSWD ensures continuous implementation of services for victim-survivors of VAWC*. Manila: Philippine Information Agency. Tilgjengeleg frå <https://pia.gov.ph/press-releases/releases/1046267> [lasta ned 17. desember 2020]
- [Familielova] (1987, 6. juli). *The Family Code of The Philippines*. Tilgjengeleg frå <https://www.ilo.org/dyn/natlex/docs/ELECTRONIC/71398/76973/F605764888/PHL71398.pdf> [lasta ned 17. desember 2020]
- Freedom of Information Philippines (2019, 4. mars). Population of solo parent/ single parent per region. *Freedom of Information Philippines*. Tilgjengeleg frå <https://www.foi.gov.ph/requests/aglzfVmB2ktcGhyHQsSB0NvbNlbnQiEFBTQS0wNjM1NDMyNDU1NjEM> [lasta ned 17. desember 2020]
- Go, M.G.A. (2019, 19. september). Children, estranged couples, and neglected stories. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/voices/newsletters/children-estranged-couples-neglected-stories> [lasta ned 17. desember 2020]
- IWPR, dvs. Institute for War & Peace Reporting (2020, 27. mai). Philippines: Sweeping Violence Under the Carpet. *IWRP*. Tilgjengeleg frå <https://iwpr.net/global-voices/phillippines-sweeping-violence-under-carpet> [lasta ned 17. desember 2020]
- Luci-Atienza, C. (2020, 1. juli). DSWD vows more support, programs for women, children against violence. *Manila Bulletin*. Tilgjengeleg frå <https://mb.com.ph/2020/07/01/dswd-vows-more-support-programs-for-women-children-against-violence/> [lasta ned 15. desember 2020]
- Magna Carta of Women. Implementing Rules and Regulations (2008, 28. juli). Tilgjengeleg frå [https://library.pcw.gov.ph/sites/default/files/ra-9710-magna-carta-women-irr\\_0.pdf](https://library.pcw.gov.ph/sites/default/files/ra-9710-magna-carta-women-irr_0.pdf) [lasta ned 17. desember 2020]
- NEDA, dvs. National Economic and Development Authority (2019, 2. oktober). *New Neda Study Identifies Reasons Behind Filipino Women's Low Labor Participation Rate*. Pasig City: National Economic and Development Authority. Tilgjengeleg frå <https://www.neda.gov.ph/new-neda-study-identifies-reasons-behind-filipino-womens-low-labor-participation-rate/> [lasta ned 15. desember 2020]
- PCW, dvs. Philippine Commission on Women (u.å.). *Violence Against Women*. San Miguel: PCW. Tilgjengeleg frå <https://pcw.gov.ph/violence-against-women/> [lasta ned 5. desember 2020]
- PCW (2019). *Barangay VAW Desk*. San Miguel: PCW. Tilgjengeleg frå <https://pcw.gov.ph/barangay-vaw-desk/> [lasta ned 5. desember 2020]
- PCW (2020). *VAWC Hotlines during Community Quarantine*. San Miguel: PCW. Tilgjengeleg frå <https://pcw.gov.ph/vawc-hotlines-during-community-quarantine/> [lasta ned 15. desember 2020]
- PSA, dvs. Philippine Statistic Authority (2017a, november). *2017 Gender Statistics on Labor and Employment*. Quezon City: PSA. Tilgjengeleg frå [https://psa.gov.ph/sites/default/files/2017%20Gender%20Statistics%20on%20Labor%20and%20Employment%28GSLE%29%20publication\\_0.pdf](https://psa.gov.ph/sites/default/files/2017%20Gender%20Statistics%20on%20Labor%20and%20Employment%28GSLE%29%20publication_0.pdf) [lasta ned 17. desember 2020]
- PSA (2017b, 30. juni). *Philippine Population Surpassed the 100 Million Mark (Results from the 2015 Census of Population)*. Quezon City: PSA. Tilgjengeleg frå <https://psa.gov.ph/population-and-housing/node/120080> [lasta ned 17. desember 2020]

PSA (2018, 26. mars). *One In Four Women Have Ever Experienced Spousal Violence (Preliminary results from the 2017 National Demographic and Health Survey)*. Quezon City: PSA. Tilgjengelig fra <https://web.archive.org/web/20180328204828/https://psa.gov.ph/content/one-four-women-have-ever-experienced-spousal-violence-preliminary-results-2017-national> [lasta ned 17. desember 2020]

[RA 8551] (1998, 25. februar). *An Act Providing For The Reform And Reorganization Of The Philippine National Police And For Other Purposes, Amending Certain Provisions Of Republic Act Numbered Sixty-Nine Hundred And Seventy-Five Entitled, "An Act Establishing The Philippine National Police Under A Re-Organized Department Of The Interior And Local Government, And For Other Purposes"*. Tilgjengeleg frå [https://www.lawphil.net/statutes/repacts/ra1998/ra\\_8551\\_1998.html](https://www.lawphil.net/statutes/repacts/ra1998/ra_8551_1998.html) [lasta ned 15. desember 2020]

Ranada, P. (2020, 9. mai). During coronavirus lockdown: Abused women, children more vulnerable. *Rappler*. Tilgjengeleg frå <https://www.rappler.com/newsbreak/in-depth/during-coronavirus-lockdown-abused-women-children-more-vulnerable> [lasta ned 8. desember 2020]

Servallos, N.J. (2020, 22. juni). PNP: Domestic violence, OSEC complaints surge as lockdown eased. *PhilStar*. Tilgjengeleg frå <https://www.philstar.com/headlines/2020/06/22/2022648/pnp-domestic-violence-osec-complaints-surge-lockdown-eased> [lasta ned 17. desember 2020]

U.S. Department of State (2020, 11. mars). *2019 Country Reports on Human Rights Practices: Philippines*. Washington D.C.: U.S. Department of State. Tilgjengeleg frå <https://www.state.gov/reports/2019-country-reports-on-human-rights-practices/phillippines/> [lasta ned 14. desember 2020]

WEF, dvs. World Economic Forum (2019, 3. oktober). The Philippines looks for ways to boost the number of women in jobs. *WEF*. Tilgjengeleg frå <https://www.weforum.org/agenda/2019/10/phillippines-women-work/> [lasta ned 8. desember 2020]

World Bank (2020, 16. oktober). *Overview*. Taguig City: World Bank. Tilgjengeleg frå <https://www.worldbank.org/en/country/phillippines/overview> [lasta ned 17. desember 2020]

## Munnlege kjelder

Department of Social Welfare and Development. Møte i Manila november 2014.

© Landinfo 2020

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarfremstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.